

# Velkommen til kyrkja, velkommen til dåpen!

*Vi søker og ser etter veia å vandre,  
vi drømme og ber om eit hus for kvarandre  
Der døra e' høy, og porten e' vid  
Og husfaren si' «kom hit, kom hit»!*

*Vi vil oss et bygg med hjerte og hode  
som huser det sanne, det glade og gode,  
men også gir plass og lar lysene brenne  
for dem som det vonde og onde får kjenne.*

*Vi kommer som spurv og svaler til rede  
med titusen sanger om sorg og om glede,  
og mottar velsignelsen inn under hud  
 forbundet med livet, forbundet med Gud.*

*(Ola Bremsnes)*

Kyrkja er heile tida i endring, det har vi erfart dei siste åra også. Færre søker til kyrkja med sine nyfødde barn og ønsker dåp. Det er éi av endringane vi som kyrkje må komma i møte. Vi kan meina mykje om det, men utgangspunktet vårt må vera at vi som tilsette sjølv klarer å vera fortrulege med den kyrkjekvarden vi lever i, og at vi gler oss over at konfirmantar og vaksne ønskjer å bli døypt i vaksen alder når dei ikkje blei det som barn.

## Møte mennesker der dei er

Automatikken i at så godt som alle oppsøker kyrkja ved livets begynnelse, er definitivt forbi.

Noko av det som utfordrar oss sterkest i møte med dagens menneske, er nettopp at Ola og Kari Nordmann har langt mindre forhold til og kunnskap om både kristentru og kristne tradisjonar enn for berre 20 år sidan. Kanskje er det trist, sannsynlegvis er det uvant for mange av oss som jobbar i kyrkja, at ho kan opplevast framandt for mange av oss. Det nye kyrkjelandskapet krev uansett at vi er parat til å møta dagens menneske ut frå deira forutsetningar. Då krev det av oss at vi legg bort fordommar og førestillingar om menneske, og møter dei med eit ope sinn slik dei er og der dei er. Vi skal som kyrkje vera opne. Og så skal vi som kyrkje vera tydelege. Den kombinasjonen er det første steget på vegen til ein god relasjon med dei som søker oss, anten det er i samband med dåp eller andre tenester.

Det er mange gode måtar å møta ein ny kyrkjekvardag på, men kombinasjonen av å vera tydeleg og samtidig imøtekommande kan nok ikkje overvurderast. Som tilsette i kyrkja, og i tråd med vårt oppdrag, må vi opna opp muligheita for tru, vi må opna opp kyrkja og kyrkjerommet for ein ny generasjon. Vi må møta menneske med meir enn teoretisk teologi.

«Jesus brukte både ord og handlingar for å visa kven han er.» (Konfirmantbibelen)

Då den du skal møta var eit lite barn, var det nokon som bestemte at han eller ho ikkje skulle bli døypt. Det kan ha vore ulike grunnar til det. Av og til blir dåpen borte i alt det andre, av og til er det eit medvite val, eit ønske om å markera avstand til innhaldet i den kristne trua. Av og til er det fordi selskapet blei for dyrt, av og til fordi det var krevjande å samla to ulike familiar og av og til fordi ein hadde därleg erfaring med kyrkja.

Når dette mennesket likevel kjem til kyrkja og ønskjer dåp, skal vi sikra at ho eller han kjenner seg godt motteken og ivaretatt ut frå den situasjonen vedkommande er i. Det er ein krevjande og modig prosess å begynna på i vaksen alder, vegen fram mot dåp. Ein er gjerne sårbar, kanskje særskilt med tanke på to forhold: Det første er tilhøvet til familien – nokon har fortalt, andre har ikkje fortalt, og det andre er det å ha kontakta ein prest for å snakka om eksistensielle spørsmål.

### Målet med dåpssamtalen

Enkelte kjenner på at det nærmest er noko tabubelagt over å ønska dåp i vaksen alder. Det kan altså vera ein sårbar situasjon for den det gjeld. Korleis startar vi? Kva er det vi vil snakka om? Kva er målet med samtales? Å oppsøka kyrkja i vaksen alder for å bli døypt, er eit val som krev å bli møtt med den aller største respekt, difor er det viktig at vi er godt førebudd, både teologisk, og, ikkje minst, tidmessig og sosialt. Det er tre ting som er viktig:

1. *Relasjon.* Å snakka om dei nærmeste og mest personlege sidene ved livet med nokon ein kanskje knapt har møtt før er eit modig val og ein spesiell situasjon. Dei fleste menneske liker å snakka om laust og fast. Dei fleste menneske liker at kyrkja er ein stad der dei kan senka skuldrene, snakka om det som beveger seg i tida, i samfunnet og i nærmiljøet – i livet til den du som tilsett i kyrkja, møter. Difor er eit aspekt ved dåpssamtalen også å bli kjent med dåpskandidaten, plukka opp ting i samtales som skapar møtepunkt, tema som viser at vi er opptatt av det same, at vi kanskje ikkje er så forskjellige, at det å snakka med presten også er å snakka med eit medmenneske som er interessert i heile mitt liv – verdien av den sida av alle samtalar vi som kyrklege tilsette har kan aldri overvurderast.

Endringar i nordmenns religiøse vanar og tradisjonar gjer at kyrkjelydsbygging går føre seg etter prinsippet stein på stein. Sakte og gjennom personlege relasjoner bygger vi opp den enkelte relasjon og vårt gode namn og rykte. Den første steinen er å møta menneske på ein god måte. Og det er mange gode måtar. Du veit kva som er din styrke i møte med menneske

som oppsøker deg. Ver den du er, vær ærleg til stades og by på deg sjølv. Det liker menneske! Og så liker dei ein kopp kaffi, ein kjeks og litt frukt!

2. *Relevans.* Kva for ord bruker vi? Korleis forklarar vi dåpen? Kor mykje skal vi forklara? Menneske er kanskje meir opne enn tidlegare for religiøse straumar, både innanfor og utanfor kyrkja. Samstundes lever vi i individualismens tidsalder, der det å søka fellesskap i organiserte former kjem i andre rekke, medan det å utvikla seg sjølv og vera sin egen lykkes smed, gjerne kjem i første rekke. Dette er tendensar vi ser både i skolen, hos barn og hos foreldre; kollektivets betydning for enkeltmennesket har fått redusert betydning dei siste åra. Det gjer noko også med livet i kyrkjelyden. Vi må i endå større grad løfta fram fellesskapets ibuande mulighet. «*I sidste ende er det fællesskabet med andre, der gör en lykkelig i de momenter, man nu kan opleve lykken i, og derfor kan man ikke være sin egen lykkes smed. For lykken er alltid noget man får fra andre.*» (Lars Mikkelsen). Dåpens relevans og korleis vi kan formidla dåpens betydning inn i ei ny tid, blir tema lengre nede i gjennomgangen av dåpens sakrament.
  
3. *Respons.* Korleis møter vi dåpskandidatens spørsmål og søker? Både nattverd og dåp er inviterande handlingar, heilage handlingar som ber oss menneske inn i eit fellesskap. Eit fellesskap består av eit mangfald av menneske og meningar. Det er nok ulikt blant prestar og andre kyrklelege tilsette kor «strenge» vi tenker vi skal vera i møte med dei som oppsøker oss. Kor kritiske spørsmål skal vi stilla? Kor granskande skal vi vera? Kva er vår jobb når det gjeld å «kvalitetssikra» dåpskandidatens motiv? Her er det nødvendig å gå til kjelda. Jesus inviterer! Når han held måltid, er alle med, også dei som kjem til forråda Jesus. Når Jesus gir oss vårt oppdrag, er rekkefølgen: «Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar. Døyp dei til namnet og Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk». Vi skal vera varsame med å kontrollera i stor grad. Men vi skal sikra og trygga at dåpskandidaten verkeleg ynskjer dåp, og at dåpskandidaten er innforstått med kva dåpen inneber, kva ho eller han skal svara ja på, og kva for ei gáve som blir gitt i dåpen. Og så skal vi vera frimodige når det gjeld å ivareta mysterieaspektet ved dåpen. Vi forstår ikkje alt, vi kan ikkje svara på alt.  
 Når menneske kjem til kyrkja og søker dåp, er det også eit svar på ein religiøs lengt og søker. Den skal vi møta, og den skal vi ta vare på! «*For både jeg selv og alle som lar seg døpe, må si til Gud: Her kommer jeg i min, ja, også de andres tro. Likevel kan jeg ikke bygge på at jeg tror og at mange mennesker ber for meg. Nei, jeg bygger på at det er ditt ord og din befaling*»

Slik formulerer Martin Luther det. Fellesskapstanken og det at kjernen i dåpen kviler i andre hender enn dåpskandidatens, er viktig. Dåpens verknad gjer seg gjeldande også utover det vi menneske klarer å bringa inn i den – det er også ein del av dåpens mysterium.

## Dåpens sakrament

Dåpens vesen og verknad er altså uavhengig av fleire av dei faktorane som er nemnt over. Dåpen skjer når vi ber Gud om hans nærvær, når vi påkallar Den heilage ande, og når dåpskandidaten får tre hender med levande vatn over hovudet sitt medan orda «...i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande» lyder. Dåpen lever på eit vis sitt eige liv.

Men kva er det med dåpen? Og kva skal vi med den? What's in it for me? Vi lever i eit samfunn der individet står i sentrum, der nyttetanken står sterkt (har vi bruk for dette?) og der vi gjerne ønsker å optimalisera livet vårt. Det vi er med på, blir noko heilt spesielt, spesielt for oss! Her kan eigentleg både dåpen og nattverden melda pass i dagens samfunn – på same tid som det nettopp er dåpen og nattverden vi kanskje treng meir enn nokon gong, både som enkeltmenneske og fellesskap.

Vi trur at kjelda til liv, kjelda til fellesskap og kjelda til evig liv er å finna hos Jesus. Vi trur ikkje at Gud har gjort seg avhengig av sakamenta, men vi trur at det er ei gave til oss for å, i små glimt, ha muligkeit til å komma nærmare Gud, til å sjå han, til å erfara hans avtrykk i våre liv og ta imot hans velsigning. Vi trur at sakamenta hjelper oss, gjennom bilde og symbol, å fatta kva Gud har gitt oss. Om vi treng dåpen? Ja, absolutt – nettopp av grunnar som er skissert over. Vi blir døypt inn i fellesskap, vi får motta Herrens nåde og får del i truas gave.

*«For hos deg er livsens kjelde, i ditt lys ser vi lys.» (Salme 36,10)*

## Kva blir vi døypt til?

**Fellesskap.** Gjennom dåpen tar Gud oss inn i fellesskapet med seg. Vi blir også innlemma i det kristne fellesskapet, ein tanke som vi kanskje må dvela meir, eller i alle fall annleis, ved i møte med vaksne dåpskandidatar enn med barn. Vi inviterer i enda større grad direkte til å bli ein del av det kristne fellesskapet, i større grad til aktiv deltaking enn invitasjon til diverse trusopplæringstiltak. Det utfordrar oss på dåpsopplæringa for vaksne. Ved konfirmantdåp er dette aspektet ivaretatt gjennom konfirmasjonstida og sjølve konfirmasjonen, men i møte med vaksne må vi tenka ekstra nøye gjennom kor vegen vidare går. Har vi godt materiell å dela ut? Har vi grupper å invitera inn i? Har vi

fellesskap som høver for den som akkurat er døypt? Korleis kan vi innlemma både dåpskandidat og familien i vårt fellesskap? Det er viktige spørsmål å ha stilt seg i møte med vaksne dåpskandidatar. Som kyrkjelyd har vi ansvar for dåpskandidatens veg vidare, etter dåpen.

**Nåde.** På eit vis må vi legga vekk våre rasjonelle atterhald og våre tankar om nytteverdi for dåpen er eit mirakel, eit under – og det må vi også våga å løfta fram i vår samtale med dåpskandidaten. Mange menneske i dag søker nettopp mysteriet – og meiner det finst i større grad andre stader enn i kristendommen. Kanskje blir ein litt nærsynt av det ein alltid har hatt rundt seg, kanskje kjennest det frigjerande å venda seg mot austens religion og tradisjon, kanskje er det krevjande å ta steget inn i noko som tross alt er kjent, men samtidig ukjent. Som prestar eller kateketar i møte med dåpskandidaten, må vi ikkje kjenna på at vi skal forklara alt, at alt skal la seg skjøna gjennom fornufta. Nei, vi må tvert om løfta fram det underet som skjer i dåpen.

*«Å under som skjer: Vi blir mottatt av Gud, /vi dør og vi oppstår til livet. /I Kristus vi renses, vår synd slettes ut, /du døper oss, Herre, i nåde.»*

Dåpen er ei nådehandling der Gud, på underfullt og samtidig konkret vis, møter oss med sin nåde. Vi får sjansen til å ta imot Guds gave, og Guds gave er nåde! Og vi gjer det fordi Jesus sa vi skulle gjera det. Og vi gjer det fordi vi trur at dåpen forbinder oss med Jesus, at dåpen reiser opp til nytt liv, at dåpen fører oss til dit vi høyrer heime; « forbundet med livet, forbundet med Gud» som Ola Bremnes syng. Dåpen minner oss dessuten på noko av det som mennesker treng å høyra aller mest i vår tid: «Ingen kan bære seg selv». Når vi ber eit lite barn til dåpen, blir vi minna om dette. Men vi kan også tenka at når vi døyper ein konfirmant eller eit vaksent menneske, kan vi også tenka at dette er noko av tanken bak ønske om å bli døypt. Det er tung å bera seg sjølv, det er tungt å aleine bera alt det som livet møter oss med, alt vi har med oss i bagasjen og alt som ventar oss i framtida. I ei tid der vi i stor grad finn vår identitet i våre suksesser, har den kristne trua eit frigjerande bodskap som få andre kan konkurrera med; vi blir frelst av nåde. Vi blir døypt inn i eit fellesskap. Og fellesskapet er også berande for oss i periodar når vi kjenner at trua haltar, når vi kjenner at

*Vi samles til dåp i din kirke på jord,  
vi vet at du selv er til stede.*

*Du innbyr oss Gud, ved ditt hellige ord,  
du møter oss, Herre, med nåde.*

*Du ser våre tanker, du hører vår bønn.  
Du lytter til hjertenes lengsel.*

*Du kaller oss, Gud, ved din enbårne Sønn,  
du bærer oss inn i din nåde.*

*Så led oss, o Gud, ved din Hellige Ånd,  
som barn av ditt himmelske rike!*

*Ja, styr du vårt liv med din mektige hånd  
og la oss få bli i din nåde.*

*Gerd Grønvold Saue, Nos 588*

spørsmåla er større enn svara, og når vi kjenner at vi treng at nokon ber oss, ber våre liv, våre kropper, våre tankar og vår tru.

## Nytt liv.

Fylt av glede...?

Dei siste åra har det vore eit stigande medvit om å tilpassa det dåpsfølget møter i kyrkja, med dei kjenslene og forventningane dei har som nybakte foreldre. Mange av våre salmar ivaretar også dette, m.a. Svein Ellingsens «Fylt av glede over livets under/med et nyfødt barn i våre hender/kommer vi til deg som gav oss livet.» Dette ønsket frå kyrkja si side har gitt seg utslag i eit større fokus på livsglede, på underet det er å få barn og bli foreldre, og det har kanskje svekka «syndaspektet» ved dåpen noko.

Ved revisjon av dåpsliturgien i 2011 blei følgande ledd m.a. fjerna: *...fødde med menneskeslekta si synd og skuld*. Kyrkja ynskjer altså å fokusera eit meir positivt menneskesyn som harmonerer med dei kjenslene som dåpsfølget kjem til kyrkja med. I den nye dåpsliturgien (2017) er likevel det faktum at dåpen representerer ein overgang frå ein tilstand til ein annan (ny) tilstand (sjølvsagt) ivaretatt. Åste Dokka skriv følgande i Vårt Land om den nye dåpsliturgien: «*Manget kan sies om Den norske kirkes nyreviderte dåpsliturgi. Men en interessant ting er at formuleringene viser til at det faktisk skjer noe med barnet i dåpen, at dåpen er en overgang fra en tilstand til en annen. Liturgien uttrykker at dåpen er mer enn en fin tradisjon eller sted for undring og livsglede, men også bærer av et teologisk menneskesyn som sier at vi er syndere som trenger frelse.*»

Som tilsette i kyrkja i møte med dåpskandidaten må vi halda saman begakta: at dåpen frelser oss både til og frå noko, og at vi, sjølv om vi er syndarar som treng frelse, også representerer gode livskrefter og mulighet til å gjera godt. Dersom synd/frelse-aspektet blir tona for sterkt ned, mister dåpen si mening og sin legitimitet. Den danske ateisten Søren Søberg Poulsen skriv i den danske avis Kristelig Dagblad at han misunner dei kristne (arve)synda fordi det gir oss ein mulighet til å plassera vår utilstrekkelighet. Det handlar ikkje om at vi feiler eller har därleg moral, men det handlar om at vi er vevd inn i, la oss kalla det menneskeslekta si synd og skyld og at vi dermed, som Dokka seier det, er både aktørar og fangar i eit system som vi ikkje sjølv er i stand til å reparera. Det er fullt mogleg å snakka om synd på ein måte som ikkje trykker ned mennesker, men som opnar opp for ei forståing av at vi er menneske som treng hjelp frå «kilder utenfra oss selv» (Svein Ellingsen) for å komma til rette med vår plass i verden og vårt liv som Guds barn, no og i æva.

Dåpen er ein plass å plassera både vår livsglede, vår styrke og vår «beven foran ukjent fremtid» og vår svakhet. Det treng alle menneske, og det er ein bodskap som kan komma til å klinga godt i øyra til dagens menneske, som har eit langt meir avslappa forhold til ordet «synd» enn det mange i tidlegare generasjonar har. Som kyrkje skal vi heller ikkje gøyma bort det faktum at nettopp mange i dag, kanskje særskilt blant nettopp konfirmantar, at skam er ein av dei største og mest altoverskyggande kjenslene som ein møter i ungdomstida. *Hvem er et menneske som ikke vet:/Vi trenger nåde og barmhjertighet! Jeg vet ikke hvor jeg har hørt det sist:/Hvem er et menneske, og ikke skyldbevisst?*

(Jens Bjørneboe, diktet *Mea maxima culpa*)

Som kyrkje må vi anerkjenna at menneske både har muligheten til det gode, men også har bruk for frelse frå synda. Dåpen hjelper oss til å halda begge desse tankane i hovudet samtidig.

*I dåpens vann har Jesus tatt bolig i min kropp. Og himlen bor på jorden for Jesus har stått opp. I Bibelen og bønnen er Jesu hjerteslag. Han følger oss på veien igjennom natt og dag. (Kor de ville)*

Dåpen er ei gåve. Ei gåve er noko ein opnar. Lyrikaren Helge Torvund har skrive følgande vesle tekst: *Av og til opnar eg ei bok. Av og til opnar boka meg.* Om vi overfører dette til truslivet vårt, vil vi oppdaga at det inneheld nokre sentrale sanningar. Tilbake til Luther: *Jeg bygger på at det er ditt ord og din befaling.* Vi bringer både våre barn og oss selv til dåpen fordi vi ønsker å legga våre liv og vår livsvei i Guds hender. Dermed trur vi også at dåpen bringer oss noko som det er vanskeleg å klara seg utan. Vi må formidla til våre dåpskandidatar at dåpen er noko vi treng. Samstundes må vi løfta fram at dåpen er ei gåve til oss, og ikkje nødvendigvis noko Gud har gjort seg avhengig av i sitt forhold til oss menneske. I møte med konfirmantar og vaksne som søker dåp, er dette aspektet kanskje noko meir krevjande å løfta fram enn i ein barnedåp. Kvifor det? Jau, fordi spørsmålet om kva som evt. skjer med dei som medvite har valt bort dåpen, vil komma til overflata i samtalen om kvifor vi treng dåpen. Og kva skal vi svara til det? Når menneske har søkt til dåpen, handlar det ofte om kjensla av at noko manglar i livet. Kanskje kjenner ein at ein treng eit aspekt i livet for å kjenna seg heile. Kanskje ein kjenner nettopp behovet for å ha nokon å vera nær, nokon å lena seg til, ei kjelde å sokja til i den åndelege tørsten?

*Å denne kilde ren som paradiset/den springer frem her like ved min fot, /å denne strøm fra dine dype brønner, gir meg tilbake helse liv og mot. /Min kropp av feber, mine sprukne lepper, mitt savn, min klage, min lengsel og min tørst. (Eivind Skeie)*

Når nokon søker til dåp, ligg det allereie eit ønske og ein bevissthet om at ein ønsker noko meir. Å døypa seg som voksen handlar ikkje om tradisjon, det handlar om å ville høyra til hos nokon. Hos Gud og hos kyrka. Forbundet med livet, forbundet med Gud.